Av Helge Øvstetun

Frå Chaplin til Elton John
1997 – 2000

Som innleiing tillet eg meg å sitera frå Norsk Hydro sitt konsertprogram frå konserten i Oslo Konserthus, laurdag 21. februar 1998, sjølvsagt oversett til nynorsk språkdrakt:
«Ei reise gjennom ei verd av filmmusikk og musikalar som vert framført av song- og speleglade årdøler. Eit samarbeidsprosjekt mellom korps, kor og popmiljø i Årdal. Tilsaman deltek 200 personar. Med unntak av pianist og dirigent er alle amatørar».

Ja, så einkelt og presist kan det seiast. Om det var så einkelt å gjennomføra dette prosjektet; med øvingar, planlegging, finansiering, turar, booking og alt anna – ja sei det… Her låg utalege timar med planlegging og førebuing frå personar som var bærebjelkar i prosjektet. Men, dei hadde ei urokkeleg tru på at dette ville lukkast, og det gjorde det til gangs.

Prosjektet kom i utgangspunktet i gang som ei jubileumsgåve til Norsk Hydro sitt 50-års jubileum, og som ei takk for all hjelp og støtte.

Musikkskulerektor Bjarne Øren var den som hadde idèen til prosjektet. Sonen Jan Roger og Stein Ivar Mortensen skreiv arrangementa, og desse tre sette forestillinga saman til det som etterkvart skulle syna seg å verta ein formidabel suksess. I tillegg til nemte tre personar var det ei styringsgruppe samansett av Jan Erik Øyre, administrativ leiar; Eva Karin Foosnæs, sekretær; Ellen Svinsås, økonomi; Bente Hove Pedersen, Øvre Årdal Songlag; Kåre Almklow, Farnes Mannskor og Karin Kristiansen, Årdalstangen Songlag.

Administrativ leiar, ja kva ligg i det omgrepet? Jan Erik Øyre var så mykje meir enn det; leiar, sponsoransvarleg, pådrivar, ansvar for stadig finna nye arenaer og aldri gje prosjektet høve til å stoppa opp. Utalege timar gjennom heile prosjektet tok mykje både av arbeids- og fritida.

I den musikalske leiinga var Jan Roger Øren, arrangør, dirigent og musikalsk ansvarleg; Stein Ivar Mortensen, arrangør, og Bjarne Øren, innøving og ansvarleg for oppsetjingane. Deltakarane kom frå elevar frå Farnes skule, Farnes Mannskor, Øvre Årdal songlag, Årdal gospelkor, Årdalstangen songlag, Farnes skulemusikk og Øvre Årdal janitsjarkorps. Solistane var Erik Christensen/ Heine Totland, Ine Hillestad, Ingar Klubben, Odd Tore Moen, Elisabeth Steward Søvik/ Frid Brune Nordheim og Bent Vadseth. «Kompet» var sett saman av musikarar frå ulike musikkmiljø; Magnar Jevnaker, Ole Magnar Nundal, Jan Erik Torstensen, Bert Brons, Steinar Årebru, Tore Ødegård og Helge Øren. Lydansvarleg var Trond Øyre og konfransièr var Steinar Drægni. Sistemnte utførte rolla si på ein så framifrå måte at han på eit uhøgtidleg vis vart utnemt til «Årets Konfransièr»

Konferansier Steinar Drægni; alltid i godt humør og med ein treffande kommentar. Foto : Helga Søgnen Hestetun. Arkiv Årdal og Lærdal Avis.

Musikalsk var fyrste delen av konserten henta frå musikalar, mellom anna «Les Miserables», «Jesu Christ Superstar» og «Chess»; den andre frå filmverda – frå «James Bond Medley» til «Bright side of Life» henta frå «The Life of Brian».

Oppstilte og klare til konsert i Olavshallen, Trondheim, den 19. september 1998. Foto: Arkiv Øvre Årdal Janitsjarkorps

«Stakkars store sterke karer!» song åttandeklassingane frå Farnes skule, og sjarmerte publikum i senk! Frå konserten i Oslo konserthus, 21. februar 1998. Foto: Arkiv Årdal & Lærdal Avis.

Musikkarrangementa var inkjøpte til pris kr. 50.000,- Med dette, same andre utfifter, som grunnlag vert det søkt Sogn og Fjordane Fylkeskommune, kulturseksjonen, om kr. 50.000,- i kulturmidlar for 1997. Fylkeskommunen sitt svar av 17.07.97 var nedslåande; «Søknaden Dykkar om tilskot vart ikkje imøtekommen». Etter ny søknad vart prosjektet tildelt kr. 10.000,- i 1998. Året etter, i 1999, vart prosjektet, saman med det føregåande «Beatlesprosjektet», tildelt fylkeskulturprisen, høgtidleg overrekt i møte på fylkestinget den 07.12.1999.

Konsertar:
1997:
I tida frå helga 21.-22. februar var det hektisk aktivitet på øvingsfronten for kor, korps og øvrege musikarar. Fram til premieredatoen 21. mai var det solist-, gruppe og fellesøvingar jamt fordelt utover. Onsdag 21. mai: Samfunnshuset

Heile ensemblet stor oppstilt og klare til genaralprøve. Dirigent Jan Roger Øren skulle til å løfta armane for å setta i gang då han brått kjente eit pikk på skuldra. Der bak sto ein frå mannskoret: «Du Jan Roger, naor me kjemme te Bergen du, bli' kufferten min henta eller må eg bæra'n opp sjøl…?»

▶



Velfortjent pause i Grieghallen. Bak frå venstre: Ølve Øren, Terje Moe og Arvid Øren. Framme frå venstre: Per Otto Vestheim og Ragnvald Brakstad. Foto: Steinar Drægni

Prosjektet fekk æra av å opna Kulturby Bergen med Kongeparet i salen, den 18. februar 2000.

Orion hotell, Bergen, kl 0130: Dirigent Jan Roger Øren fekk klar beskjed om å møta på rom 310, der var det klart for framsyning. Oppi dobbeltsenga sto ein kar frå blandakoret med oppbretta brok og demonstrerte korleis han for 20 år sidan tok ein laks på 9,5 kilo i Bølsågen.

Øvre Årdal - generalprøve og premierekonsert. I forkant av premieren uttalte den elles så sindige dirigenten Jan Roger Øren til Sogn Avis: «Fytti katta så bra dette blir!» Det skulle visa seg at Øren fekk fullstendig rett. I etterkant av premieren skreiv Årdal&Lærdal Avis: «Trampeklappen runga i samfunnshuset! Då Ingar Klubben song «Always look on the bright side of life» var det berre krossen, lendekledet og Adidas-skoa som mangla. Størst «gåsehud-effekt» var det likevel Ine Hillsetad og Bent Vadseth som skapte med «Up where we belong».

Samfunnshuset Øvre Årdal: Hydro Årdal 50-års jubileum, ein konsert den 22. og ein den 23. mai.

Ein konsert i Årdal, 30. mai, Norsk Hydro Årdal sin gjestekonsert.
Ein konsert i Årdal i høve Indre Sogn Sparebank 25 år, 26. september. Sitat frå Årdal&Lærdal Avis: «Imponerer igjen og igjen! Til alle dykk som er med – slå dikka på bringa, ver litt stolte». Ein konsert som ein kan tilrå på det starkaste. At publikum var godt nøgde skulle klart gå fram av følgande utsagt etter konserten: «Gnistrande!», «Heilt utruleg!», «Imponerande!», «Fantastisk!» og «Eg fekk frysningar nedetter ryggen!»

Ein konsert i Sogndal kulturhus, 27. september.

Ein konsert i Grieghallen, Bergen, 25. oktober. Kostnadsoverslaget for denne konserten låg på like under 80.000,-. Årdal&Lærdal Avis skreiv i etterkant: «Løfta taket på Grieghallen. Prosjektet lukkast både i Årdal og i Bergen. Amatørane frå Årdal trollbatt ein nesten fullsatt sal. Glimrande solistar! Under «I know him so well» gjekk Ine Hillestad og Elisabeth Søvig dei to ABBA-jentene ein høg gang, før Bent Vadseth drog til med «One night in Bangkok». Då Erik Christensen drog til med «Anthem» sat vi att med kjensla av at lite no kunne overgå «Chess»-delen av musikalframsyninga».

I styremøte i desember 1997 kunne prosjektet fordela eit overskot på kr. 130.000,-

1998:
Ein konsert i Årdal, 19. februar, generalprøve før Oslo og Oslo Konserthus.

Ein konsert i Oslo Konserthus, 21. februar. – Musikkorpsavisa skreiv i blad nr. 3/98: «Festfyrverkeri fra Årdal i Oslo Konserthus». Det vart gjort lydopptak av denne konserten. Kostnadsoverslaget for Oslo Konserthus var 80.000,- Trass utgifter til fire bussar Årdal-Oslo-Årdal og overnatting på Clarion Royal Christiania Hotel, gjekk Oslo-turen i overskot på 147.635,-. Journalist Svend Arne Vee, Årdal&Lærdal Avis: «Eigentleg er alle superlativa brukt opp når det gjeld Musikalprosjektet. Derfor: Gløym alt skrytet du før har lese om dei syngande og spelande frå Årdal. For laurdagskvelden i Oslo Konserthus overgjekk alt. Dette vart festkvelden alle hadde drøymt om - kvelden då alt stemte!» Innsatsen til innhoppar Fride Brun Nordheim var formidabel, udødelege «Think» vart løfta til utrulege høgder. 1500 menneske i ståande applaus og med rop på meir må vera ei anerkjenning for bruk av tusenvis av fritidstimar.

Etter konserten i Oslo Konserthus skreiv kulturjournalist Ida Lou Larsen frå «Nationen»: Det er imponerande at amatørar kan leika seg gjennom såpass vanskeleg materiale som spesielt musikkutdraga, og heile konserten viser at distrikts-Noreg ikkje av avhengig av bidrag frå hovudstaden for å produsera musikkunderhaldning av høg kvalitet». Ho la til at det heile vart ein sjarmerande og innsmigrande musikk-kveld. Det heilt særeigne med Årdalsprosjektet var at ein her med stort hell har valgt å satsa på amatørar også til solopartia. Og ja; det var skrive på nynorsk…

Eit fullsett konserthus, med dåverande statsminister Kjell

Magne Bondevik i spissen, fekk oppleva ei musikalsk oppleving av dei skjeldne. Bondevik uttalte til Sogn Avis etter konserten at «I slike stunder er eg stolt over å ha røter i Årdal!» Som om det ikkje var nok fulgte han på konserttreffet i etterkant opp med «Det er stor arv for mannen av godtfolk vera fødd. Som barn av ei mor frå Årdal, føler eg det spesielt slik her i kveld». Eg vil tru at slike ord frå ein slik mann vart godt mottekne.

Heine Totland vikarierte for solist Erik Christensen på konserten i Oslo Konserthus. Etter konserten fortalte han til dirigent Øren at han under framføringa av «Anthem» - «det var som å bli blåst av scena av trøkket som kom da korps og kora klemte til ved det store høgdepunktet i låten». Det var noko av det råaste han hadde vore med på!

Ein konsert i Årdal, tryggleikskonferanse i regi av Årdal kommune, 11. mars.

Ein konsert i Førdehuset, Førde, 5. juni, «Nordisk kulturkonferanse» i regi av Norsk Kulturråd i samarbeid med Førde kommune.

Ein konsert i samfunnshuset, Øvre Årdal, Quality Games, 4. september.

Ein konsert i Olavshallen, Trondheim, 19. september. I følge Adresseavisa sin utsendte: «Trøndarane ville ikkje gå». Det var også gjort lydopptak av denne konserten. Hydro Årdal la inn forhåndstinging på 1900 CD-plater, som var tenkte som julegåver til tilsette i konsernet. CD-produksjon kosta totalt 138.000,- Sogn Billag stilte fire bussar tur/retur Trondheim – Årdal. Tre busslaster med Hydro-tilsette tok turen frå Sunndalsøra. Årdal&Lærdal Avis: Stor stemning og trampeklapp! Publikum var samstemte i at konserten var «Nyyyydeleg!»

I «Kulturtrøkk» av april 1998 opnar Johan Svendsen slik «ÅRDAL: Det var en gang….. Slik begynner alle eventyr med respekt for seg selv, og slik kan vi vel også innlede denne historien fra Årdal. En solskinnssaga om musikalsk samarbeid på tvers av korps, kor, musikkskole, gospel- og rockemiljø. Altså…..

1999:
Ein konsert i Hamar, opning av Janitsjarfestivalen, juni 1999.
- Hamar Arbeiderblad, 19. juni 1999: «Det var en glede å få møte vestlendinger i fri utfoldelse i Kulturhuset fredag kveld. Med forestillingen «Fra Chaplin til Elton John», sørget sogningene for ein feiende flott åpning på den ti dager lange janitsjarfestivalen» - Jørn Kolsrud, sjef for Hamarfestivalen slo fast at «Konserten ble en suksess».

2000:
BERGEN - Prosjektet var Sogn og Fjordane sin representant til opninga av Kulturby Bergen, med Kongeparet i salen, 18. februar 2000. I tillegg til Kongeparet var det inviterte gjester Årdal kommune og dåverande Sogn og Fjordane fylkeskommune. Frå Fylkesbaatane var ekspressbåten «Kommandøren» vart innleigd for transporten Årdalstangen-Bergen-retur.

Dirigent Jan Roger Øren minnast denne konserten godt. «Det var stor stas og heilt spesielt med Kongeparet til stades i Grieghallen. Ein gløymer ikkje atmosfæren under avspeleinga av Kongesangen då den fullsatte Grieghallen reiste seg. Og i pausen vart far, Jan Erik og eg henta av ein adjutant som førte oss opp i foajèen nærmast i spissrotgang gjennom

To frå mannskoret delte rom på Royal Garden i Trondheim. Utpå natta måtte den eine på toalettet, tok feil dør, men lukka den forsiktig att - og hamna i undebroki utpå gangen. Slik sto han då eit japansk reisefølge var på veg inn…

Solistane Elisabeth Steward Søvik og Odd Tore Moen under framføring av «Summer Nights» frå musicalen «Grease».

Velfortjent applaus etter konserten i Oslo konserthus, 21. februar 1998. Foto: arkiv Årdal & Lærdal Avis

publikum. Og så fekk me helsa på det flotte paret. Me hadde øvd og drilla replikkar, det var «Vyrde Konge» og «Vyrde Dronning», på nynorsk sjølvsagt, i timevis på førehand. Me tre øvde på kvarandre! Men så vart me vel så prega av stundas alvor at me datt ut av formalitetane, og far min håndhelste på Kongen med: «Hei, eg heiter Bjarne og er far hass Jan Roger!». Kongen lo godt av dette, isen smelta, det vart so befriande god stemning, og far min fekk ein velfortjent klapp på skuldra….»

Dronning Sonja uttalte til Bergens Tidene etter konserten: «Det er jo dette som er kultur!».

For begge prosjekta vart dei tildelte Fylkesordføraren i Sogn og Fjordane sin kulturpris i 1999.

Konfransier og songar Steinar Drægni minnest prosjektet slik: «Eg var heldig som fekk vera med på dette! Utallige uforgløymelege opplevingar og mange gode atendemeldingar. Stemninga når det nærma seg konsert var alltid spesiell; det same var tilfelle på hurtigbåten til Bergen i 2000. Han hugsar godt at den legendariske partisekretæren i Arbeidarpartiet, Haakon Lie, vart trilla inn i Oslo Konserthus. Han var då 100 år. Så mange stadar var det framføringar at ein kan bli stor i kjeften av mindre!»

Prosjektet mottok undervegs mykje støtte. Jan Erik Øyre vil trekka fram det gode samarbeidet prosjektet hadde med Hydro Årdal, Årdal Kommune og det øvrege næringslivet for deira støtte og økonomiske bidrag.

Øyre vil og trekka fram samarbeidet han hadde med Bjarne Øren og Jan Roger Øren, det heile vart ei solskinnshistorie. Om Øyre hadde ein tanke om vidare utvikling eller ein ny arena, var svaret frå Bjarne alltid «Køyr på!» Som leiar lærte Øyre mykje om kva som må til for å få realisert tankar og idear ein brenn for.

Prosjektet hadde ståande invitasjon til to konsertar i Kina i regi av Beijing International Cultural Tourism Festival i 2001. Turen var under planlegging, men skrinlagt i fyrste rekke på grunn av økonomi, men og manglande interesse blant medlemmane. Hydro sentralt hadde lova eit tilskot på 100.000,- dersom Kina-turen vart realisert. Ein tur til USA vart diskutert, men snøgt lagt vekk.

Som om desse to prosjekta ikkje var nok vart det sett opp ein jubileumskonsert for Hydro sitt 100-års jubileum i Oslo konserthus i 2005. Bjarne Øren samla melodiar frå dei siste 100-åra, og som seg «hør og bør» var det ein del skjær i sjøen undervegs, men alle løyste på ein svært tilfredsstillande måte.

Etter å ha leita, lest, notert, undersøkt og skrive om desse to prosjekta har eg problem med å forklara korleis dette i det heile gjekk an – er det muleg liksom… Kor mange hadde trua på prosjekta i forkant? Nokon hadde det så til dei grader! Primus motorar eller bærebjelkar, kall dei kva du vil, men for ei enorm vilje - vilje til å sjå det kollektive, vilje til å setja tankar og idear ut i livet, vilje til å satsa, vilje til å møte motgangar, vilje til å løysa problem og ikkje minst – vilje til å gjennomføra.

Helge Øvstetun

KILDER:

Jan Erik Øyre
Jan Roger Øren
Steinar Drægni
Arkiv Årdal Janitsjarkorps
Arkiv Årdal&Lærdal Avis

Ein frå mannskoret var vanlegvis ikkje den siste i seng, men på ein av turane vart han for ei gong skuld trøytt og lei. Han tok med seg dyna og gjekk til rommet der Bjarne Øren låg. «Kan e fao ligga me' de 'Bjarne? Det er 14 mann på romme' mitt å addle spela gittar!»

FYLKESKULTURPRISEN 1999

Fylkeskulturprisen for 1999 er tildelt musikkprosjekta i Årdal - "Beatles" og "Frå Chaplin til Elton John". Dette har hovudutval for kultur vedteke. Utdelinga vert på fylkestinget 7. desember.

Musikkprosjekta i Årdal viser oss at med stor interesse og pågangsmot kan det lokale kulturarbeidet løfte seg både i omfang og kvalitet. Dyktige amatørar i samspel med engasjert profesjonell musikalsk leiing har her løfta i flokk. Dette har resultert i framsyningar i og utanfor fylket, og det har ikkje mangla på superlativ frå såvel publikum som kritikarar. Ja, endåtil til Liverpool har dei vore for å framføre "Beatles".

Det musikkmiljøet i Årdal har fått til, viser at vi også her i våre lokalmiljø i Sogn og Fjordane har potensiale til å skape unike kulturelle tilbod og opplevingar som mange kan misunne oss. Dette er arbeid som skaper trivsel hos dei som deltek, og er med å skape livskraftige og levedyktige lokalsamfunn. Lange dagar og seine kveldar til tross - vi trur og at eit slikt løft også er med på å styrke identitet, samhald og byrgskap over eige lokalmiljø.

Målet med prosjekta har vore å setje saman og tilretteleggje ein heilskapleg presentasjon basert på nyare musikkverk. Gjennom samarbeidet har dei klart å foreine tradisjonelle kor- og korpsdisiplinar med moderne rytmer, solistframføringar, pop-grupper og ein einestående lydteknikk. Dette har resultert i eit stort løft for det tradisjonelle song- og musikklivet i bygda med omsyn til både kvalitet og omfang. Og tvillaust har det gjort musikklivet langt meir attraktivt for deltakarar og publikum.

Dei to prosjekta har samla opp mot 200 aktørar i alderen 12 til 82 år sidan starten i 1992. Så langt har dei helde over 20 konsertar, og hatt over 20000 tilhøyrarar som har fått ei sjeldan musikkoppleving. I februar vert dei å høyre i Bergen i samband med opninga av Kulturby Bergen 2000.

Årdølene har verkeleg noko å vere stolte over! Musikklivet i Årdal er verd ein fylkeskulturpris!

TALE VED UTDELING AV FYLKESKULTURPRISEN
v. Velaug Veum, leiar i hovudutval for kultur

7. desember 1999
Det talte ord gjeld.

FYLKESKULTURPRISEN 1999

Fylkeskulturprisen for 1999 er tildelt "Musikkprosjekta i Årdal 1992 – 2000" i praksis "Beatlesprosjektet" og "Frå Chaplin til Elton John".

Den første kulturprisen i Sogn og Fjordane vart tildelt Ragnar Vigdal i 1980. Årets pris er såleis pris nummer 20 i rekkja.

Målet med fylkeskulturprisen er å hjelpa fram kulturarbeidet i fylket. Vidare skal prisen tena som honnør for særleg innsats til beste for kulturlivet i fylket. Prisen kan gjevast til einskildpersonar eller grupper av personar, til lag og organisasjonar som høyrer heime i fylket, og som har vist vedvarande evne og vilje til å yta aktiv kulturinnsats ut over det vanlege.

Musikkprosjekta i Årdal viser oss at med stor interesse og pågangsmot kan det lokale kulturarbeidet løfta seg både i omfang og kvalitet. Dyktige amatørar i samspel med engasjert, profesjonell musikalsk leiing har her løfta i flokk. Dette har resultert i framsyningar både i og utanfor fylket. Desse har vorte særs godt mottekne, og det har ikkje mangla på superlativ og godord, både frå publikum og kritikarar.
Dei har også våga seg til England for å framføra "Beatles".
Det gjekk visst og bra!

Det frivillige arbeidet i regi av einskildpersonar, interessegrupper, lag og organisajonar er, og vil vera , ryggrada i kulturlivet i Sogn og Fjordane.
At vi har mange kreative og dyktige einskildpersonar rundt om i fylket, veit vi. Når desse kan få med seg fleire for å realisera ideane sine, har vi mange døme på nyskapande og spennande kulturtiltak. Vi treng nokon som torer å løfta seg etter håret – som får utvikle kreativ galskap.

Det musikkmiljøet i Årdal har fått til, viser at vi og her i lokalmiljøa våre i Sogn og Fjordane har potensiale til å skapa unike kulturelle opplevingar som mange kan misunna oss, og som utan tvil bidreg til ei positiv marknadsføring av Sogn og Fjordane langt utover fylkesgrensene.
Dette er arbeid som skapar trivsel hjå dei som deltek, og er med å skapa livskraftige og levedyktige lokalsamfunn.
Vi trur og at eit slikt løft også er med på å styrka identitet, samhald og byrgskap over eige lokalmiljø.

Opprinneleg var tanken bak prosjekta å dra med så mange som mogeleg og gjera noko kjekt i lag, arbeida saman på tvers av det tradisjonelle.

Målet med musikkprosjekta i Årdal har vore å setja saman og tilretteleggja ein heilskapleg presentasjon basert på nyare musikkverk. Gjennom samarbeidet har dei klart å sameina tradisjonelle kor- og korpsdisiplinar med moderne rytmer, solistframføringar og pop-grupper. Dette har resultert i eit stort løft for det tradisjonelle song- og musikklivet i bygda med omsyn til både kvalitet og omfang. Og utan tvil har det gjort musikklivet langt meir attraktivt for deltakarar og publikum.

Dei to prosjekta har samla opp mot 200 aktørar i alderen frå 12 til 82 år sidan starten i 1992. Det er særleg imponerande at dei har klart å få alle med på dei same notane på tross av alder, musikksjanger og miljø.Så langt har dei halde over 35 konsertar, og hatt over 20.000 tilhøyrarar som har fått ei sjeldan musikkoppleving.

Høgtidleg overrekking av fylkeskulturprisen for 1999 i fylkestinget den 7. desember 1999. Frå venstre: leiar i hovudutvalet for kultur Velaug Veum, Jan Erik Øyre, Bjarne Øren og fylkesordførar Nils R. Sandal. Foto: arkiv Årdal & Lærdal Avis

Slike satsingar som ~~som~~ det vi har sett her, gjer seg ikkje sjølv. Det hjelper ikkje kor mange det er som er med dersom ein ikkje også har nokon til å trekkje i trådane og setje krav til kvalitet
Det er difor også rett å nemne nokre namn her – nemleg musikkskulerektor Bjarne Øren som har vore musikalsk leiar, arrangør og tilretteleggjar, dirigent Jan Roger Øren, og Jan Erik Øyre som har leia styringsgruppa og vore organisatorisk ressurs i gjennomføringa.

Desse har lagt ned tallause dugnadstimar i prosjekta og stått i spissen for eit årelangt arbeid som vi kan vera stolte over her i fylket.
Det dei har skapt, og delt med aktørar og publikum av kulturelle opplevingar og sosialt fellesskap, viser at lokalsamfunna våre er liv laga.

Eg vil og nemna at 19. februar vert "Frå Chaplin til Elton John" å høyra i Grieghallen i Bergen i samband med opninga av Kulturby Bergen 2000.

Årdølene har verkeleg noko å vera stolte over! Musikkprosjekta i Årdal er verd sin fylkeskulturpris!

Eg vil med dette be fylkesordføraren overrekkje fylkeskulturprisen, som er ein diplom og ein sjekk på kr. 40.000,-.

Kva for storleik?

Ein kar kom ein dag inn på samvirkemanufakturen. Det var ein bitande kald og sur vinterdag. Manufakturen låg den gong i ei brakke etter tyskarane nede ved kaien. Karen var kjend for å være nokså romsleg i kjeften og når dama bak disken spurde kva han skulle ha i dag, svara han:" E ska ha ein bodlevarmar!" Dette kom ikkje overraskande på den unge dama, ho berre snudde på hælen, såg opp i hyllene og spurde likeframt:" Stor eller liten?"

Øyvind Jevnaker